

1 Innleiing

Fylkesplan for Hordaland 2005–2008 gir visjon, mål og strategiar for utviklinga i fylket.

Hovudtema er verdiskaping, og satsingsområda er næringsutvikling, kompetanse, kultur og transport/areal/miljø. Fire fanesaker vert lanserte, ei for kvart satsingsområde. Fanesakene er dagsaktuelle saker i Hordaland og framhevar visjonen i planen.


Handlingsprogram til fylkesplanen skal utarbeidast seinare, med framlegg til tiltak innanfor satsingsområda. Handlingsprogrammet skal rullerast kvart år i planperioden. Bruk av regionalpolitiske verkemidlar vil stå sentralt i realisering av måla, men også andre verkemiddel, forvaltning og tenesteyting må setjast inn.

Fylkeskommunen har ei sentral rolle som regional utviklar. Rolla er tett knytt til den demokratiske og folkevalde styringa av den regionale utviklinga, med fylkespolitikarane i forarsetet.

Det er mange ulike aktørar som påverkar utviklinga, og fylkeskommunen har ei særleg oppgåve i å kopla saman aktørane, etablera partnerskap, skapa møteplassar og leggja til rette og stimulera til samarbeid på tvers.

Fylkesplanen er eit verktøy for utforming av den regionale politikken. Fylkesplanen skal stimulera den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga i fylket, og den skal leggjast til grunn for fylkeskommunal verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i fylket.

For at fylkesplanen skal bli slagkraftig må den kopla ulike sektorar, forvaltingsnivå, verkemiddel og aktørar. Gjennomføring av planen er avhengig av eit breitt samarbeid mellom mange partar. Fylkesmannen og statlege etatar på regionalt nivå, kommunane, næringslivet, interesseorganisasjonar, forskings- og utdanningsinstitusjonar, kulturlivet og andre må vera med for å realisera måla i planen.



2 Visjon

Hordaland - eit kreativt verdiskapingsfylke
i ein sterk Vestlandsregion

Statoil sitt raffineri på Mongstad.
Foto: Statoil.

